



NVE

Røldal fjellstyre

12.01.2025

Høyringsinnspel til søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement for Kjelavassdraget i Vinje kommune og Ullensvang kommune.

Røldal fjellstyre forvaltar Røldal Statsallmenning, som ligg i Ullensvang kommune. Fjellstyret uttaler seg difor berre om den delen av Ståvatn som ligg innanfor Ullensvang kommune, samt Ulevåvatnet. Røldal fjellstyre må understreke at vårt ansvarsområde, jf. §3 i fjellova. Det er moglegheita for fiske- og friluftsliv som vert skadelidande av dette tiltaket.

Ferdse

Det er bra at Statkraft skal setje i gang utvida tilsyn av isforholda, men det er endå viktigare at informasjonen om uttrygg is kjem ut til ålmenta. Haukelifjell, og Ståvatn, er eit sær s tilgjengeleg område, med utallige turmoglegheitar, med mange startpunkt. Ståvatnet ligg kort avstand frå store hyttefelt i Vinje/Vågslid. Ein svært liten del av dei som nyttar Ståvatnet er innom Haukelisæter. Til dømes registrerte NINA, i samband med ferdselsprosjektet så mange som 580 bilar på Haukelifjell to forskjellige påskedagar. Ut frå ordlyden i søknaden til Statkraft, verkar det som om ein innbiller seg at «mykje er gjort» om ein får informert Haukeliseter turisthytte. Dette uroar fjellstyret.

Statkraft må gjere eit grundig informasjonsarbeid, kor dei informerer alle brukarane om dette – ikkje berre det fåtalet som er innom turisthytta.

Ein må sjølvstelt velje seg kanalar kor ein får informere lokalbefolkning, hyttefolk og tilreisande turist. Skilting ved alle utfartsårer, og parkeringsplassar er eit minimum. Statkraft må sjølvstelt, som eit minimum, også informere dei same aktørane som i 2024. Informasjonen gjekk då til Haukeliseter fjellstue, Vinje kommune, Ullensvang kommune og Røldal fjellstyre.

Fjellstyret kan ikkje ha noko ansvar for at brukarane våre er informerte, ei heller for området på «vår» eigedom. Men fjellstyre vil sjølvstelt vere behjelpelege med å annonsere informasjonen gjennom våre kanalar.

Fiske

Røldal fjellstyre delar Statkraft si vurdering av at tiltaket ikkje vil ha nokon negative økologiske konsekvensar på fisk og botndyr.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Fjellstyret sel fiskekort på delar av Ståvatn. Det er soleis forventa at ein, om isen vert dårleg, mistar inntekta frå fiskekortsalet. Kanskje må ein også vurdere å stengje fiskekortsalet på heile statsallmenninga, då ein av erfaring veit at ingen set seg tilstrekkeleg inn i informasjonen som er tilgjengeleg gjennom våre salskanalar.

Til slutt tillèt Røldal fjellstyre seg å vise til dokumentet «*NVE gir midlertidig tillatelse til å fravike manøvreringsreglementet for Ståvatn og Kjelavatn i Vinje og Ullensvang kommuner*» datert 29.02.2024 (Vår ref.: 202318602-13). Fjellstyret er sjølvsagt klar over at NVE ser på dette som eit privatrettsleg forhold, men frå fjellstyret sin ståstad, så er dette ein ypparleg anledning til å kommunisere til Statkraft.

På side 5 finn ein fylgjande uttale frå Statkraft til fjorårets innspel frå fjellstyret:

«Privatrettslige ulemper vedrørende fisk og fiske er i utgangspunktet erstattet i skjønn. Men det gjennomføres prøvefiske med års mellomrom og det settes ut fisk å Ståvatn basert på anbefalinger fra prøvefiske. Røldal Fjellstyre har ikke lagt med noe dokumentasjon på evt hvor mange fiskekort som selges i denne perioden årlig. Som nevnt tidligere ønsker Statkraft å ta kontakt med Røldal fjellstyre for å komme fram til en minnelig avtale.»

Røldal fjellstyre vart ikkje kontakta av Statkraft i 2024 for å diskutere dette. Me oppmodar Statkraft å gjere dette denne gangen! Fjellstyret er sjølvsagt positive til å kome fram til ein minneleg avtale.

Med helsing

Tor Helge Haara Tjemsland/s/
Leiar

Eirik V. Dørheim /s/
sekretær

Kopi:
Ullensvang kommune